



Årleg melding til Helse Vest RHF

2005

Helse Vest IKT AS

ÅRLEG MELDING TIL HELSE VEST RHF FOR HELSE VEST IKT AS FOR 2005

Helse Vest IKT AS vart etablert som eige aksjeselskap 01.11.2004. Helse Vest IKT AS er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest. Selskapet er ein integrert del av Helse Vest RHF sin samla organisasjon.

Selskapet er etablert med hovudkontor i Bergen kommune, og avdelingskontor i Stavanger, Haugesund, Førde, Stord, Odda og Voss. Dei tilsette i selskapet per 31.12.2005 representerte 144 årsverk.

Helse Vest IKT AS har som formål å levere IKT-tenester til alle helseføretaka som inngår i føretaksgruppa Helse Vest RHF. I tillegg kan Helse Vest IKT AS levere IKT-tenester til ein avgrensa ekstern marknad innan helsesektoren der dette er naturleg.

Helse Vest IKT skal bidra til at IKT vert nytta av helseføretaka slik at desse kan nå sine målsetjingar om å yte gode og effektive spesialisthelsetenester til brukarane.

Helse Vest IKT AS har fylgjande forretningsidé;

- Helse Vest IKT AS skal vere ein totalleverandør av IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest RHF.
- Helse Vest IKT AS skal vere den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærhet, bransjekunnskap og brei erfaring.
- Helse Vest IKT AS skal bidra til å forbetre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT-løysningar innført og forvalta i nær dialog med kundane.
- Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelig for kundane ved behov.
- Helse Vest IKT AS skal vere ein attraktiv arbeidsplass med et godt arbeidsmiljø som fremmar faglig utvikling, samarbeid, trivsel og samhald.

Fylgjande mål var lagt til grunn for etablering av Helse Vest IKT AS;

- *Samordning og integrasjon* av system slik at *informasjon om pasienten følger pasienten gjennom pasienthandsaminga lokalt, regionalt og nasjonalt.*
- *Understøtte felles administrative løysningar* for føretaksgruppa.
- *Redusere kostnader til parallelt arbeid og auke servicenivå* ved å samordne IKT-funksjonane.

Når det gjeld kostnadsreduksjon var utgangspunktet rekneskap for 2003 der kostnadane for IKT-området i helseføretaka var på 279 mill. kr. I forarbeidet til etablering av Helse Vest IKT er det estimert samordningsvinstar på 15,9 mill. kr. i 2005, aukande til 48,5 mill. kr. frå 2009. Kostnadsreduksjonen krev investeringar på 73,8 mill. kr. over perioden. Av desse var omlag 31,0 mill. kr. allereie planlagde investeringar. Kostnadsreduksjonen er basert på tilsvarende tenestoomfang og tenestekvalitet som for 2004. Den estimerte samordningsvinsten på 15,9 mill. kr. for 2005 vart trekt frå i budsjettet for Helse Vest IKT AS for 2005.

Omfanget av aktiviteten i Helse Vest IKT AS i 2005 går fram av fylgjande tal;

- *Meir enn 25 000 brukarar*
- *Mellom 12 000 og 14 000 PC-ar*
- *Brukarar på i overkant av 200 lokasjonar*
- *Drift av meir enn 500 system*
- *Forvaltning av om lag 100 system*
- *Meir enn 6.000 henvendelsar til felles brukarstøtte per månad*
- *Sal og leveranse av nytt PC og periferutstyr for vel 40 mill. kr. per år.*
- *Bidrag til omlag 50 prosjekt innanfor IKT-området.*
- *Serverdrift på meir enn 10 lokasjonar*
- *I overkant av 500 servere*
- *Meir enn 60 TB ((Terrabyte) 1 TB = 1000 Gigabyte) serverlagring i lagringsnett.*
- *Tryggleikskopiering av meir enn 150 TB*
- *Omkring 1500 delte skrivarar i nett*
- *Omkring 3000 lokale skrivarar*

2005 var fyrste heile driftsåret for Helse Vest IKT AS. Året har vore prega av etablering av naudsynte strukturar internt i selskapet og etablering av samhandling eksternt mellom selskapet og helseføretaka. Omstillinga frå å vere interne IKT-avdelingar i det einskilde helseføretaket til å vere ei felles regional eining for alle helseføretaka har gitt ei rekkje utfordringar for alle involverte partar.

Året har vore utfordrande og krevjande i forhold til mange små og store endringar i arbeidsoppgåver, auka mengde med regionale prosjekt, nye rutinar, nye kollegaer, nye leiarar og arbeid med omstilling frå forvaltningskultur til ein kundeorientert kultur. Omlegging frå bruk av stabs- og støttefunksjonar i helseføretaka til eige ansvar for desse funksjonane har og sett nye krav til leiarar og medarbeidarar i høve personal, økonomi, innkjøp, kommunikasjon, etc.

Riksrevisjonens dokument nr. 1 (2005 – 2006) inneheld Riksrevisjonen sine merknader til departementa sin forvaltning og gjennomføring av budsjett og statsråden sin forvaltning av statens sine interesser i selskap for rekneskapsåret 2004. Med omsyn til dei regionale helseføretaka tar Riksrevisjonen igjen opp helseføretaka sine brot på regelverket for offentlige anskaffelser, særleg nemnt er bl.a. tildeling av einerett til Helse Vest IKT AS og inngåing av avtaler med dei regionale sjukehusapoteka utan konkurranse.

Det er nedanfor gitt ei kort orientering om resultat for 2005 per seksjon i Helse Vest IKT AS. Det er deretter gitt ei kort oppsummering av resultat i høve dei krav som er gitt i styringsdokumentet for 2005. Avslutningsvis er det gjort greie for det rekneskapsmessige resultatet for Helse Vest IKT for 2005.

Seksjon IKT-hjelp har hatt ein stor auke i etterspørsel etter tenester gjennom 2005. Innanfor sal og leveranse av utstyr var det ein auke i omsetning frå 28 mill. kr. i 2004 til 44 mill. kr. i 2005. Seksjonen har hatt ein auke i serviceoppdrag på omlag 30%. Eit viktig element i etableringa av Helse Vest IKT er samlokalisering av eit felles kundesenteret. Målet er å gjennomføre etablering av felles brukarstøttesenter i løpet av første halvår av 2006. Det er i 2005 gjennomført eit stort arbeid i Helse Vest IKT med omstilling til å fylgje rutinar basert på IT Infrastructure Library (ITIL). Episodeprosessen er innført frå juni 2005. Som ein del av dette arbeidet, vart det og innført eit nytt støttesystem, Assyst, for registrering av episodar

(hending som er årsak tenesteavbrot). Frå 01.06.2005 vart saker til brukarstøttesenteret registrert i Assyst. Fram til 01.12.2005 vart det registrert 30530 saker i Assyst. Av desse saken var ca. 55% telefoner/e-post om generelle tenester (brukarrettleiing, brukaradministrasjon, brukarfeil, mv.). Omlag 45% av sakene var tenesteavvik (feil eller avvik som kan eller vil føre til reduksjon av avtalt tenestekvalitet). Enkel lokal feilsøking og noko høgare IKT-kunnskap hos brukarane kunne redusert talet på telefonar/epost til brukarstøttesenteret.

Seksjon IKT-drift har i 2005 fokusert på stabil drift samstundes som seksjonen hatt ansvaret for etablering av ein felles IKT-infrastruktur for helseføretaka i Helse Vest. Samordninga av infrastrukturen har vore meir krevjande enn det som vart lagt til grunn i OMNI prosjektet (prosjekt som la grunnlaget for OMstilling til Ny IKT-organisering). Kartlegging av applikasjonar utført i 2005 syner langt fleire applikasjonar enn tidlegare identifisert. Ein milepæl vart nådd i fjerde kvartal 2005, då helseføretaka i regionen vart kopla saman i eit nytt redundant nett med høg kapasitet. Dette breibandsnettet er grunnlaget for samordning av applikasjonar og databasar. Med unntak for Helse Vest RHF er alle brukarane no samla i ei felles løysing for epost og brukarhandtering. Dette gjev enklare samhandling mellom tilsette i helseføretaka.

Infrastrukturprogrammet er det største teknologiske omstillingsarbeidet for Helse Vest IKT. Gjennom dette programmet skal Helse Vest IKT oppdatere, samordne og standardisere den IKT-relaterte infrastrukturen i Helse Vest. Fylgjande delprosjekt vert gjennomført; antivirus, tryggleikskopiering, automatisert brukaradministrasjon, oppgradering av datahallar, felles epost, felles brukarkatalog (Active Directory), oppgradert regionalt stamnett, felles PC-oppsett og konsolidering av serverar og lagring. I 2005 er det gjennomført investeringar for vel 30 mill. kr. innanfor dette programmet. Desse investeringane har allereie gitt resultat i form av felles epostløysing for alle helseføretaka, felles katalog over brukarnamn og epostadresser, høve til å dele kalenderinformasjon, raskare nettverk med høg oppetid, betre kapasitet og stabilitet for ei rekkje system. Ei vellukke gjennomføring av programmet er særskild viktig for at brukarane skal oppfatte etableringa av ei felles IKT-eining som vellukka.

Seksjon IKT-system har gjennom 2005 arbeid med samordning av den omfattande systemporteføljen som helseføretak nyttar. Arbeidet er i godt gjenget med å få felles systemforvaltning og felles avtaler med 3. parts leverandørar. Gjennom dette samordningsarbeidet vert fagfolk som tidlegare arbeide ved eit av helseføretaka trekt inn i felles oppgåver og kan samarbeide og lære av kvarandre. Dette har gitt eit godt samhald i seksjonen på tvers av lokasjonane. Innføring av nytt system for registrering av episodar, Assyst, har gjort arbeidet enklare. Assyst gjev betre rutinar for å registrere problemet, knytte det til applikasjon, gje prioritet og allokere rett ressurs til rett tid. Dette har og ført til at eit problem som oppstår på ein lokasjon, lett kan fylgjast opp vidare av personell på andre lokasjoner.

Seksjon IKT-utvikling har delteke med rådgiving i lokale, regionale og nasjonale prosjekt innanfor eit vidt spekter i løpet av 2005. Seksjonen har særleg hatt fokus på å få etablert ein integrasjonsstrategi. I tillegg har det vore viktig å etablere rutinar i Helse Vest IKT som sikrar at integrasjonsspørsmål vert avklart i forkant med IKT-utvikling. Gjennom dette arbeidet er det utvikla ein god plattform for betre bruk av integrasjonskompetansen og dei relativt få ressursane som selskapet disponerar for desse oppgåvene. Det er i løpet av 2005 lagt eit godt grunnlag for å kunne hente ut vinstar knytt til vidare samordning av integrasjonsløysningar. Seksjonen har starta arbeidet med samordning av infrastruktur for meldingsutveksling. Det er

etablert løysing for standardiserte meldingar frå spesialisthelsetenesta til primærhelsetenesta via Norsk Helsenett.

Seksjon IKT-innføring har særleg arbeid med samordning av ulike IKT-relaterte prosjekt i helseføretaka, både initiering av nye prosjekt og koordinering av eksisterande. Det er utarbeid oppdatert oversikt over pågåande IKT-prosjekt i føretaksgruppa. Initiativ frå helseføretaka vert koordinert regionalt, slik at det blir gjort felles kjøp og etablering av nye system. Det er etablert eit regionalt program for innføring av eit felles elektronisk pasientjournalsystem for alle helseføretaka i Helse Vest RHF. Det er inngått kontrakt om felles regionalt fødesystem, felles sak-/arkiv system, felles teleradiologisystem. Seksjonen har mellom anna teke aktivt del i fleire regionale prosjekt som MOT (medarbeidar, organisasjon og teknologi), felles avvikssystem, felles kvalitetssystem for laboratorium og perioperative system. System for elektronisk pasientjournal er oppgradert i samarbeid med helseføretaka og det er innført ny funksjonalitet som reduserer papirforbruk og legg til rette for meir effektiv arbeidsflyt i klinikkane.

Forholdet mellom aktørar - rolleavklaring

I styringsdokumentet for 2005 er Helse Vest IKT AS bedt om å;

- *i samarbeid med Helse Vest RHF og helseføretaka bidra aktivt til betre forståinga av roller. Det skal etablerast eit samarbeidsforum*
- *inngå servicenivåavtale (SNA-avtale) med kvart av helseføretaka seinast innan 1. april 2005*
- *i løpet av 2005 utvikle ein aktivitetsbasert prismodell i samarbeid med helseføretaka*

Det er i løpet av 2005 etablert 3 samarbeidsforum; Samarbeidsforum for medisinske fagsystem, Samarbeidsforum for administrative system og Samarbeidsforum for desktop, infrastruktur og SNA. I tillegg er det etablert eit regionalt utval for IKT-tryggleik. Alle samarbeidsforum er leia av representantar frå Helse Vest RHF. Erfaringane frå 2005 viser at dei ulike samarbeidsforum har hatt behov for noko tid for å finne fram til eigna arbeidsform med omsyn til samansetting, struktur, tema og saksunderlag. I 2006 bør erfaringane vurderast og naudsynte endringar gjennomførast for å sikre god samhandling mellom aktørane. Det er og viktig med erfaringsutveksling med andre tilsvarende samarbeidskonstellasjonar både i og utanfor helsesektoren.

Det vart inngått servicenivåavtaler (SNA) med helseføretaka for 2005. I løpet av 2005 er det i samarbeid med helseføretaka utarbeid tenesteavtale (Service Level Agreement) og ein ny prismodell for bruk frå 2006. Tenesteavtalen klargjer kvantitet og kvalitet for dei tenestene Helse Vest IKT skal levere til helseføretaka. Den nye prismodellen endrar finansieringa av selskapet frå rammefinansiering til ein delvis aktivitetsbasert finansiering.

Forholdet til helseføretaka

Helse Vest IKT har ikkje lukkast i å etablere ein tilstrekkelig god dialog med helseføretaka. Det har vore mange utfordringar knytt til det å etablere nye rutinar for samhandling mellom helseføretaka og selskapet i rolla som eit felles regionalt tenestesenter. Både Helse Vest IKT og helseføretaka har hatt trong for omstilling og kulturendring for å handtere dei nye samarbeidsrelasjonane på ein tilfredsstillande måte.

For Helse Vest IKT har det vore ei utfordring å endre kulturen frå ein forvaltningsbasert kultur til ein leverandørbasert kultur innanfor eit kunde – leverandør perspektiv. Denne omstillinga tek tid.

Helseføretaka har arbeid med å bevege seg frå å ha ei eiga IT-avdeling med fokus på eige helseføretak til eit kundeperspektiv med større fokus på felles løysingar for å nå regionale mål.

Kvalitet og utvikling

I styringsdokumentet for 2005 er Helse Vest IKT AS bedt om å;

- *utvikle og etablere kvalitetsindikatorar i samarbeid med Helse Vest RHF. Målingar skal utførast regelmessig.*
- *utvikle ein strategi for risikovurdering og risikohandtering i løpet av 2005*
- *ha sekretariatsfunksjon for Nasjonal IKT*
- *vere underleverandør til Norsk Helsenett for det regionale nettet i Helse Vest og bidra i det nasjonale samordningsarbeidet*
- *kontinuerlig arbeide med kompetanseutvikling*

Helse Vest IKT har i 2005 utarbeid kvartalsrapportar med dokumentasjon av leveransequalität innanfor dei ulike tenesteområda som inngjekk i servicenivåavtalen (SNA) for 2005. Ingen av dei tidlegare IT-avdelingane ved helseføretaka utarbeidde tidlegare slike kvartalsrapportar.

Helse Vest IKT gjennomførte i mars 2005 ein brukarundersøking. Undersøkinga gav høve til samanlikning med resultat frå andre tilsvarande selskap (benchmarking). Undersøkinga viste at Helse Vest IKT har potensiale for forbedringar på fleire områder.

Helse Vest IKT har utvikla metodikk for risikovurdering og –handtering. Metodikken er gjort bruk av for gjennomføring av risikovurderingar både for selskapet og for helseføretaka.

Helse Vest IKT deltek aktivt i arbeidet med nasjonal utvikling innanfor IKT-området gjennom sekretariatsfunksjonen for Nasjonal IKT.

Helse Vest IKT er underleverandør til Norsk Helsenett AS med omsyn til drift og forvaltning av det regionale helsenettet i Helse Vest. Det er gjennomført drøftingar med Norsk Helsenett om overdraging av verksemd innanfor nettverksområdet. Det har vore framlagt saker for styrehandsaming i begge selskap for å avklare premissar for slik overdraging av verksemd. Det vil gjennom 2006 bli arbeid vidare med dette i nært samarbeid med Norsk Helsenett AS.

Strategiske tiltak

Helse Vest IKT AS skal i løpet av 2005 arbeide med følgjande strategiske tiltak:

- *utarbeide ein kontraktsstrategi og beskrive forholdet til underleverandørar*
- *revidere regional IKT-strategi*
- *bidra i arbeidet med felles regionalt PAS/EPJ*
- *arbeide med saumlaus samhandling innanfor radiologien*

Mange av leverandøravtalane har gjennom 2005 vorte reforhandla, nokre avtalar har vorte justert og nokre er sagt opp. Dette arbeidet har gjeve ei årleg innsparing på om lag 10 mill. kr. Innsparinga inngår i samordningsvinstane. For 2005 gjev endringane i avtalane effekt for heile eller delar av året, årleg verknad kjem fyrst frå 2006. Auken i innsparing frå om lag 7 mill. kr. i 2005 til om lag 10 mill. kr. 2006 bidreg til å nå målet om *auke* i samordningsvinstar frå 2006 med 6,6 mill. kr.

Ein Regional IKT-strategi må forankrast i overordna strategi for Helse Vest RHF og strategiar for helseføretaka. Det pågår arbeid med gjennomgang av den overordna strategien for Helse Vest RHF. Revisjon av Regional IKT-strategi vil verte gjennomført i 2006 som ein del av arbeidet med den overordna strategien.

Helse Vest IKT inngjekk i mai 2005 ei 3-årig rammeavtale med TietoEnator om leveranse av eit *felles elektronisk pasientjournalssystem (EPJ)* for helseføretaka og dei private, ideelle helseinstitusjonane som vert finansiert av Helse Vest. Nytt EPJ skal legge til rette for at informasjon om pasienten fylgjer pasienten gjennom pasientforløpet. Overgang til eit felles system skal og bidra til reduserte kostnader til drift og forvaltning. Diverre har prosjektet pga manglande leveransar frå TietoEnator ikkje fylgt avtalt framdrift. Prosjektet er ved utgangen av 2005 vel 9 månader etter avtalt plan for programmet. Det er gjennomført tiltak for å betre gjennomføringa av programmet. Prosjektet er styrt av ei styringsgruppe samansett av representantar frå helseføretaka, dei private, ideelle institusjonane og dei tillitsvalde. Styringsgruppa er leia av Helse Vest RHF. Helse Vest IKT er kontraktspart overfor TietoEnator og vil vere ansvarleg for drift og forvaltning av det nytt felles EPJ.

Helse Vest IKT ferdigforhandla kontrakt med AGFA Noreg om leveranse av løysing for saumlaus samhandling innanfor radiologien. Prosjektet vil verte gjennomført i løpet av 2006.

Prosjektportefølje

Helse Vest IKT har i løpet av 2005 delteke i gjennomføring av ei rekkje prosjekt saman med helseføretaka. Dette gjeld både innføring av nye system og større oppgraderingar av eksisterande system. Nokre døme på slike prosjekt er;

- *Regionalt felles forprosjekt for EPJ*
- *Regionalt felles forprosjekt for sak-/arkivsystem*
- *Heilskapleg styringssystem for Helse Vest*
- *Infrastrukturprogrammet for Helse Vest (OMNI-prosjektet)*
- *Program Ejournal i Helse Førde HF*
- *Program Papirlite sykehus for Helse Bergen HF*
- *Samordning av PAS/EPJ for Helse Fonna HF*
- *Oppgradering av PACS for Helse Stavanger HF*
- *Innføring av kvalitetssystem og strekkodesystem for Apoteka Vest HF*

Den samla prosjektporteføljen er omfattande. Under leiing av Helse Vest RHF og i samarbeid med helseføretaka, blir det arbeid med å etablere ein felles prosjektoversikt og overordna plan for prosjektgjennomføring.

Det er grunn til å vurdere om det samla ambisjonsnivået må justerast som ei fylgje av den faktiske ressursituasjonen for helseføretaka og Helse Vest IKT.

Organisasjonsutvikling

Leiing

Helse Vest IKT har gjennomført både leiarsamlingar og fellessamling for alle tilsette i selskapet i 2005. Organisasjonsutvikling har vore eit viktig element i desse samlingane. Helse Vest IKT har arbeid med vidareutvikling av leiarskap. Det er i samarbeid med ekstern konsulent frå Habberstad lagt planar for gjennomføring av eit leiarutviklingsprogram i 2006. Helse Vest RHF har delteke i fellessamlingar og leiarsamlingar og vil delta i leiarutviklingsprogrammet.

Openheit

Styremøta til Helse Vest IKT har vore opne. Styret har utarbeid eigne kriterium for kva saker som kan handterast i lukka møte. Desse kriteria er i samsvar med prinsippa om unntak i lov om offentlegheit..

Juridisk rammeverk og arbeid med internkontroll

Helse Vest IKT arbeider med etablering av gode rutinar for internkontroll.

Innkjøp av varer og tenester

Helse Vest IKT AS deltek i det regionale innkjøpssamarbeidet i Helse Vest. Helse Vest IKT har innført etiske retningslinjer for innkjøp i samsvar med strategiplanen for innkjøp i Helse Vest.

Rekneskapsresultat

Rekneskapsåret 2005 er det første heile driftsåret for Helse Vest IKT AS. Dei totale inntektene i 2005 var kr. 309 mill. av dette var kr. 240 mill. rammefinansiering frå helseføretaka innan Helse Vest RHF til dekning av utførte tenester. Sal av IKT-utstyr utgjorde kr. 45 mill, medan sal av tenester til selskap utanfor Helse Vest RHF utgjorde kr. 24 mill.

Selskapets totale driftskostnader i 2005 var kr. 315,0 mill. Beløpet kan delast i følgjande hovudgrupper; varekostnad kr. 44 mill., personalkostnad kr. 63 mill., avskrivningar kr. 64 mill. og andre driftskostnader kr. 144 mill. Selskapets driftsresultat var negativt med kr. 6,3 mill.

Selskapets resultat før skatt var negativt med kr. 5,7 mill. etter at det er teke omsyn til positive finansposter på til saman kr. 0,6 mill.

I budsjettet for Helse Vest IKT for 2005 vart estimert samordningsvinst på 15,9 mill. kr. trekt frå. Av det negative resultatet før skatt på 5,7 mill. kr., er 2,5 mill. kr. ei fylgje av endra føresetnader med omsyn til prosjektkostnader som ikkje kunne aktiverast. Resultatet viser dermed at det er henta ut samordningsvinstar gjennom 2005 på 12,7 mill. kr. I tillegg kjem samordningsvinstar som ikkje har hatt direkte resultat effekt, t.d. som fylgje av endringar i tenesteomfang og tenestekvalitet.

Selskapet sitt årsresultat etter skatt var negativt med kr. 7,2 mill. etter at det er teke omsyn til skatt på til saman kr. 1,5 mill. Selskapet har ikkje balanseført utsett skattefordel på kr. 3,9 mill. då selskapet sin prismodell legg til grunn kostnadsdekning.

Årsaka til at selskapet kjem i skatteposisjon til tross for negativ resultat er knytt til differansar mellom rekneskapsmessig avskrivningar og skattemessige avskrivningar.

Ved etableringa av Helse Vest IKT AS vart det lagt til grunn at selskapet ikkje ville bli skattepliktig, jfr. fylgjande henta frå styresak 072/04 i styret for Helse Vest RHF; *"I utgangspunktet må ein rekne med at eit aksjeselskap som tilbyr IT-tenester til helseføretak og andre mot vederlag, er skattepliktig. Fordi selskapet ikkje skal ha overskotsresultat som målsetjing, må ein gå ut frå at det ikkje kjem i skatteposisjon."* Helse Vest IKT har ikkje erhverv som formål, jfr. vedtektene for selskapet, og av dette følgjer at selskapet ikkje er skattepliktig.

Bergen likningskontor har vurdert krav om skattefritak og gitt melding om likningskontoret vurderer det slik at selskapet er skattepliktig. Helse Vest IKT AS har i nytt brev til Bergen likningskontor gitt ytterlegare saksopplysningar for å grunngje at selskapet ikkje er skattepliktig og i tillegg vist til at både HINAS AS (Vardø) og Norsk Helsenett AS (Trondheim) av Vardø likningskontor og Trondheim likningskontor er gitt skattefritak.

Kostnadsutvikling innanfor IKT-området

Helse Vest IKT har utarbeid eit oversyn over kostnadsnivået innanfor IKT-området for 2004, 2005 og 2006. Det er ei rekkje vanskar knytt til slik kostnadssamanlikning i ei periode der det både er gjort store organisatoriske endringar (frå eigne IT-avdelingar i helseføretaka i 2004 til etablering av Helse Vest IKT frå november 2004) og endringar av finansieringa frå rammefinansiering (2005) til ein meir aktivitetsbasert prismodell (2006).

Kostnadane for 2004 er justert for effekten av pro&contra og det økonomiske etteroppgjeret som vart gjennomført ved årsskiftet 2005/2006. Dei kostnadane som er identifisert gjennom dette oppgjeret er kostnader som ikkje har vore synleggjort i budsjettet for Helse Vest IKT tidlegare, men som høyrer inn under eksisterande IKT-kostnader til helseføretaka. Korreksjon for pro&contra/etteroppgjeret er teke med for å unngå at desse kostnadane feilaktig vert oppfatta som ein kostnadsauke.

Det er justert for generell prisendring for dei tre åra. Kostnader til kjøp av PCar, skrivarar, etc. er ikkje teke med.

Kostnadsoversikten viser kostnader i 2004 på 247,3 mill. kr, i 2005 på kr. 253,9 mill. kr. og budsjett for 2006 på 263,9 mill. kr. Kostnadsendringa frå 2004 til 2005 er 2,4%, frå 2005 til 2006 er 4,2%.

Til samanlikning var endringane frå 2002 til 2003, ihht. rapport utarbeid av Accenture i 2003, ein vekst i driftskostnader på 8% og ein vekst i investeringsbudsjett på 29% (desse tala er ikkje korrigert for generell prisendring).

Kostnadsendringane frå 2002 til 2003 viser at IKT-området har ein underliggende vekst som er større enn den generelle kostnadsveksten. Sidan det framleis er udekkja behov med omsyn til nye tenester og auka tenestekvalitet, vil etableringa av Helse Vest IKT bidra til å *redusere* kostnadsveksten innanfor IKT-området for helseføretaksgruppa. Kostnadsutviklinga frå 2002 til 2006 (budsjett) viser at denne målsettinga vil verte nådd.

Den vidare veksten vil vere ein funksjon av omfanget av tiltak gjennomført etter oppdrag frå helseføretaka. Ei erfaring frå 2005 er at det er trong for å gjennomgå fullmaktsstrukturen for avtale av prosjekt og bestilling av auke i tenesteomfang og/eller tenestekvalitet, slik at også helseføretaka kan innarbeide desse endringane i sine budsjett på ein tilfredsstillande måte.

Balanse

Likviditetsbeholdninga per 31.12.2005 var kr. 51 mill, av dette utgjorde bundne skattetrekksmidlar kr. 3,0 mill. Totalkapitalen utgjorde kr. 282 mill. Selskapet sine bokførte anleggsmidlar utgjorde 56 % av selskapet sine bokførte eigendelar. Postane kortsiktige fordringar og kortsiktig gjeld er betydelig høgare enn kva selskapet sin aktivitet tilseier fordi desse inneheld etteroppgjer mellom selskapet og helseføretaka innan Helse Vest RHF. Balanseført eigenkapital var kr. 144 mill., tilsvarande 51 % av totalkapitalen.

Anleggsmidler

I forbindelse med etableringa av selskapet vart IKT-utstyret i helseføretaka innan Helse Vest RHF overført til Helse Vest IKT AS som tingsinnskot frå Helse Vest RHF. Innskotet er rekneskapsmessig handsama etter reglane om kontinuitetsgjennomskjæring såleis at historisk anskaffelseskostnad, akkumulerte avskrivningar og bokført verdi per 31.12.2004 hos dei avgjevande selskapa er vidareført i rekneskapet til Helse Vest IKT AS.

Finansiell stilling.

Selskapet overtok per 01.01.2005 IKT-utstyret i helseføretaka innan Helse Vest RHF som tingsinnskot. Utstyret er ført opp med ein kostpris på kr. 162 mill. Selskapet sin eigenkapital per 31.12.2005 var kr. 144 mill. og tilsvarte 51 % av totalkapitalen.

Selskapet har avtale med morselskapet om langsiktig finansiering av investeringar i nye anleggsmidler, og per 31.12.2005 var den renteberande gjelda kr. 46 mill.

Miljø

Sjukefråværet for tilsette i Helse Vest IKT var i 2005 4,2%. I tillegg kjem eigenmeldt sjukefråvær på 1,1%. Dette er noko under gjennomsnittet for samanliknbare selskap.

Helse Vest IKT AS er ein ny organisasjon samansett av ulike IT-avdelingar med ulik bakgrunn, kultur og identitet. Organisasjonsutvikling mot felles verdiar, god lagånd og omstilling frå forvaltningskultur til ein kundeorientert kultur er viktige utfordringar for selskapet.

Helse Vest IKT AS si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall.

Likestilling

40% av dei eigarvalde styrerepresentantane er kvinner. 25% av leiinga (inkl. stabsleiarar) er kvinner, 40% av seksjonsleiarane er kvinner. Om lag 24% av dei tilsette i Helse Vest IKT AS er kvinner.